



Frå «norsk tidsskrift» til tidsskrift på nynorsk

Syn og Segn held framleis høg kvalitet, sjølv om tilhøvet mellom språk og identitet knapt er nemnt meir.

TIDSSKRIFT

Syn og Segn
nr. 3/2014–2/2015

SAMLAGET

Kan nynorsk utan norskdom framleis vere sant? Svaret er ja. Det er det logiske slutt målet for målreisinga som opplysningsprosjekt. Nynorsk utan norskdom gjer bokmål og nynorsk til verkeleg jamstilte målformer. Då ikkje jamstilte som nasjonale målformer, då kultur nasjonalistisk tenkjemåte faktisk ville privilegere nynorsk, men jamstilte målformer til bruk i Noreg.

Det kan tykkjast merkeleg å byrje ei melding av Syn og Segn under redaktør Knut Aastad Bråten med desse tankane om nynorsk og norskdom. Men det handlar om at rammevilkåra for å gi ut eit tidsskrift på nynorsk har endra seg sidan Rasmus Flo saman med Arne Garborg gav ut det første nummeret i 1894. Dei skipa Syn og Segn som eit «norsk tidsskrift», og det nasjonale siktemålet var ei opplagd motivering. Frå byrjinga var Syn og Segn «eit norsk tidsskrift» i opposisjon til Samtiden, mens det i dag framstår meir som eit slags Samtiden på nynorsk. Ein må leite godt for å finne skilnaden i profilering på framsida. Der Samtiden er «Tidsskrift for politikk, litteratur og samfunnsspørsmål», er Syn og Segn «Tidsskrift for kultur, samfunn og politikk».

BROTE SPRÅKMUREN

No ville det ha vore kulturelt sjølvmod å drive norskdomskamp på Garborgs premissar i 2015. Det er lenge sidan Tore Ørjasæter i Syn og Segn 1936 kunne skrive at «det norske er norsk nok». Men tilhøvet mellom Syn og Segn og Samtiden

kan seie oss noko om rikets tilstand i eit språkleg jamstillingsperspektiv.

I Syn og Segn er alle artiklane på nynorsk, noko som har historiske årsaker og som er heva over kritikk. Men kva då med Samtiden? I dei fire siste nummera (3/14–2/15) er alle artiklane så nær som ein skrivne på bokmål. Unnataket er eit essay av Gudmund Skjeldal, prenta i det siste nummeret med Cathrine Sandnes som redaktør, som då var eit nummer med Samtidens greatest hits frå åra 2006–14. Berre ein av dei femten artiklane mellom desse «greatest hits» er altså på

Varm og nær menneskeskildring på desse premissane finst ikkje mange andre stader.

nynorsk. Hurra for Skjeldal, som rett nok blei slått av Bjørn Dæhlie frå Nannestad, men som har greidd noko endå vanskelegare. Han har brote gjennom språkmuren som skil bokmåls- og nynorskålmenta frå kvarandre.

KLEDELEG RETRO

No er det ikkje Syn og Segn si skuld at Samtiden ikkje prentar fleire artiklar på nynorsk. Di viktigare blir det då å halde ved like den nynorske allmenningen i eit eige tidsskrift. Og om profilen på framsida minner om Samtiden, har redaktøren likevel sett ein klår signatur. I kvar utgåve finst avdelingar med overskriftene «Intervju», «Samtale», «Emne», «I

opposisjon», «Utland», «Frie tekstar» og «Tilrådinga».

Syn og Segn er meir personleg enn til dømes Samtiden. Ikkje berre fordi intervjuet og samtalen på eitt vis møtest i det personlege, men fordi mange av dei andre tekstane òg har ei subjektiv tilnærming. Lene Dieserud Ertner's portrett av ei heiderskvinne på 98 år er eit fint døme. Varm og nær menneskeskildring på desse premissane finst ikkje mange andre stader.

Men her finst òg forskarar som har teke permisjon frå teljekantane, som når Ingunn Lunde på framifrå vis skriv om kunst i Putins Russland. Bladbunaden er elles funksjonell og lettare retro, noko som i høgste grad er kledeleg for Syn og Segn. Også dei som har lært om multimodale tekstar gjennom læreplanane til skulen, vil finne sitt.

HJARTESPRÅKET

Men kvar ligg då identiteten, i det som altså vart skipa for å vere eit «norsk tidsskrift»? I nynorsk kultursoge snakka ein lenge og varmt om nynorsk som hjartepåsket. Men når denne metaforen dukkar opp i dag, er det symptomatisk nok i ein artikkel av Sanna Sarromaa, og ho er frå Finland. Sameleis med bunadskulturen.

Når vi i dagens Syn og Segn møter kvinner i bunad, er heller ikkje dei norske. Dei kjem frå Tyskland og er gifte med dei avlidne målhovdingane Gjelsvik og Midttun. Også her ser vi at Syn og Segn ikkje lenger er eit «norsk tidsskrift», men står på avstand frå det som lenge var heilt ureflekterte uttrykk for nynorsk kultur.

Aller tydelegast kjem dette til uttrykk når A. Audhild Solberg sjølvvionisk skriv om vaking mellom ulike språkidenti-

tetar: «Eg horar så det står etter, knotar på Bar Boca og tar imot drinken spandert av han fyren frå Oslo.» Her er altså tilknytning mellom språk og identitet trass i alt. Det er så vanskeleg å overskride denne identiteten, at det blir likna med «horing». Hjartepåsket har blitt kjønnspråk! Så vondt er det altså å vere språkleg transperson som kan veksle mellom ulike språklege identitetar.

SKILJELINJER

Når dette i det heile framstår som eit problem, er det vel helst fordi språkvekslinga mest alltid berre går den eine vegen, frå nynorsk til bokmål. Konstitusjonell jamstilling, ja vel, men her finst andre skiljelinjer som skaper utfordringar.

I Tyskland snakkar ein om «die Mauer in den Köpfen» – muren

gjennom hovuda – som stadig verkar til å skilje aust og vest frå kvarandre. Når Solberg skriv om «horing og knot» i eit samfunn som etter lova har språkleg jamstilling, vitnar det om mentale skiljelinjer i vårt eige samfunn.

Heilt enkelt skal det ikkje vere å redigere eit «norsk» tidsskrift i ei post-nasjonalistisk tid. Men Knut Aastad Bråten har gjort Syn og Segn til ein open stad for kulturell meningsbryting og vekslande identitetar. Ein kan berre vona at dette også vil gjere det enklare for språklege transpersonar som samvitslaust kan overskride sine språklege identitetar. Då ikkje minst frå bokmål til nynorsk.

HEMING GUJORD

Heming Gujord er fyrstemanuensis i nordisk litteraturvitenskap ved Universitetet i Bergen.



Ivar Aasen-tunet

Meir enn noko anna oppfinning har skrivning endra medvitte til menneska

Walter J. Ong

